



Notat

Dato: 01.11.2017
Arkivsak: 2016/34275-10
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Gunhild Raddum

Ber om innspel - Oppstart med planprogram - Kommuneplanens arealdel - Meland kommune

Sambandet Vest

Prosjektet har som føremål å knyte saman Nordhordland med Askøy og Sotra/Øygarden, og styret i Sambandet vest har gjort vedtak om brukryssing over Herdla fjorden frå Askøy til Meland og inn mot Eikeland. Styret har som mål at prosjektet vert teke inn i Regional Transportplan og vert starta opp i 2021. Prosjektet er tenkt delvis finansiert med bompengar.

Hordaland fylkeskommune har forståing for ønsket om å etablere ein slik vegforbinding nord i fylket, men vil poengtere at dette er eit stort og krevjande prosjekt som krev konsekvensutgreiing og store bevillingar i tillegg til eventuell bompengefinansiering. Det kan vere hensiktsmessig å syne traseén i det overordna plankartet for Meland kommune. Samstundes vil samferdselsavdelinga understreke at prosjektet ikkje er prioritert i Regional prosjektplan, og det er knytt stor usikkerheit til finansiering av prosjekt då kostandene for brubygging og konsekvensar og naudsynt utbetring av vegsystemet ikkje er kjent.